

Sogn og Fjordane Turlag



Naturvernforbundet  
i Sogn og Fjordane



Norges vassdrags- og energidirektorat,  
Postboks 5091, Majorstua, 0301 Oslo.

Leikanger, 01.09.2020

Fråsegna er støtta av: Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane.

## Klage på godkjenning av MTA/detaljplan for Bremangerlandet vindkraftverk.

Viser til godkjenning av MTA plan for Bremangerlandet vindkraftverk den 10.07.2020. Me vil først takka for av Fristen vart forlenga til 01.09.2020, og her kjem nokre av våre betraktningar til planen og godkjenninga.

Det er mange aspekt som må tenkast på når ein skal vurdere nye vindkraftanlegg, spesielt når det tar lang tid frå ein startar vurderingar til eit ferdig anlegg står klart. Området rundt og på Bremangerlandet har den siste tida vore på agendaen for mange og det med god grunn. Sidan vindkraftanlegga på Guleslettene og Hennøy vart planlagt og bygging vart sett i gang så har kunnskapen om verdiane ved det spesielle kystområdet i området auka. Ein har sett at belastninga vindkraftverka påfører natur, dyreliv, og folk vil gi konsekvensar. Dette kan vere konsekvensar det er vanskeleg å få oversikt over når det er mykje aktivitet i eit og same område, bildet ein hadde for kort tid sidan forandrar seg fort. Dette gjeld spesielt når ein skal tenke på samla belastning (jfr. nml. § 10) som ein påfører natur, korleis skal ein sikre at dette blir ivaretatt når kriteria for gitt konsesjon som oftast blir endra? Ofte fører endringar til større sveipareal, lengre driftstid, og større vindmøller. I dag er praksisen at gitte konsesjonar skal kunne tøyast i det lengste, dette er problematisk av mange grunnar. Spesielt når kommunar, grunneigarar og interesseorganisasjonar kan rekne med at det dei uttalar seg om når konsesjonen er under behandling ikkje er på nokon måte likt det som blir det endelege utfallet. Dei endringane som skjer den siste tiden før bygging er vanskelege å få behandla på ein god måte slik systemet er i dag. Allereie før Høyringsfristen på godkjenninga frå NVE kan ein lese i Firdaposten at konsesjonær har endra planen, dette kjem me tilbake til seinare.

## Installert effekt og trekkruiter for fugl.

Det blir i grunngjevinga frå NVE for godkjenninga av MTA presisert at NVE vektlegg at ein kan ta i bruk ny teknologi for å få betre ressursutnytting innanfor konsesjonens rammer. Den nye teknologien som blir lagt fram med større vindturbinar overskrider den gitte konsesjonen på ei installert effekt på 80 MW, den auka effekten som det vart søkt om verkar kanskje ikkje så stor om ein vel å sjå på dei 6,4 MW isolert sett. Men fuglar og anna dyreliv blir ikkje direkte råka av dette talet, det er andre tal som har større innverknad på dyrelivet. Eit av dei mest iaugefallande er totalt sveipareal og skuggkast, det er i hovudsak det som påverkar dødelegheita og levekåra til fuglar både når det gjeld stadbundne og trekkjande fuglar. I endringane som blir tagt fram ser ein ei auke på ca. 20% i sveipareal. Det er tal som dette som må vektleggast meir når ein skal sjå kor mykje ein går utover gitt konsesjon, det er det som har direkte påverknad. Om ein ser på effekttalet 86,4 MW mot 80 MW så ser ein ikkje store endringa i forhold til tala for sveipareal.

NVE legg til grunn i godkjenninga at dødelegheita vil auka med auka sveipareal, men at det er ok så lenge forholdet mellom daude fuglar og MW går ned. Med den tankegangen så kan ein jo byggja vindmøller til det uendelege og når den siste fuglen er daud så går i alle fall forholdstalet ned. Å legge til rette for auke i dødelegheit av fuglar står i sterk kontrast til forpliktingar Norge har for å verne om sårbare artar som held til i eller brukar kystområda våre.

Når ein ser denne godkjenninga i samanheng med anlegga på Guleslettene og Hennøy så er det lett å tenka seg at dette vil få følgjer spesielt for fuglar som bruker trekkruiter i området. Naturen er kompleks og det kan vere vanskeleg å sjå kva konsekvensar vindmøllene langs kysten vil ha på sikt, ei forskyving i balansen mellom artar kan for eksempel føre til ei lokale trofiske kaskade. Dette er det vanskeleg å sjå på forhand og ein må derfor bruke Naturmangfaldslovens «føre var prinsippet», spesielt i eit område som allereie har stor påverknad gjennom anlegga på Guleslettene og Hennøy.

Denne «Føre var» tankegangen har NVE ikkje tenkt å legge vekt på når dei no godkjenner konsesjonsendringa frå 80 MW til 86,4 MW. I staden får utbyggjar setje i gang om det blir sett i gang etterundersøkingar for å kartlegge skaden, ein sitt då igjen med potensiale for avbøtande tiltak så langt det lar seg gjere.

Området som er i og rundt Guleslettene, Hennøy og Bremangerlandet har NVE sagt at dei ikkje ønsker ny vindkraft i da det ikkje er eigna når det kjem til registrerte fugletrekk i området. Miljødirektoratet har og etter analysar ekskludert eit stort område langs kysten nettopp på grunn av viktige fugletrekk som går i området. Som FNF SF i tidlegare skriv har påpeikt så har NVE sagt at dette vil gjelde nye konsesjonssøknadar, og gitte konsesjonar ikkje vil bli trekt på bakgrunn av dette.

FNF SF meina at ny kunnskap og nye føringar må bli vektlagt når ein behandlar endringar i gitte konsesjonar. I den opphavlege konsesjonen vart det ikkje satt noko grense for størrelsen på turbinane, at det ikkje vert satt noko grense må ikkje føre til at endringar blir godkjent når ein veit at dette vil føre til fleire daude fuglar i eit slikt verdifullt område.

**På bakgrunn av dette så ser me ikkje at det kan bli noko godkjenning av auka installert effekt frå 80 til 86,4 MW.**

## Næring og Friluftsliv.

Det er mange lokale røyster som har fått nok av utbygginga som allereie er realisert i områda rundt Bremangerlandet. Den villmarksprega kysten som folk har vokse opp med og hatt nytte av gjennom rekreasjon og arbeid opp gjennom livet er under sterkt press. Spesielt i dette området der mykje allereie er utbygd. Turistnæringa langs kysten lev av dette landskapet og kystkulturen som gjennom mange 100 år har prega korleis det i dag er med små hamner, båthus, tidlegare fiskevær og det som i stor grad har fått stått meir eller mindre i sine opprinelege omgjevnader. Verdien av dette for turistnæringa er uunnverleg og endringar vil påverke investeringsviljen, og grunnlaget for næringa på sikt. For eksempel finnes det aktørar som lev av turisme som i dag har utsikt mot Guleslettene og Hennøy, kva konsekvensar vil eit nytt vindkraftanlegg ha når det blir plassert i «bakgarden» til ein næringsaktør som allereie er råka av to andre vindkraftverk? Skal ein ha levedyktige bygder i Utkant-Norge så må ein ikkje legge meir press på ei næring som mange plassar legg grunnlaget for at nærbutikken framleis er der, at det er lokale sommarjobbar for ungdommen og at bygg langs kysten blir halde i stand.

Me har valt å sjå Bremangerlandet i samanheng med anlegga på Guleslettene og Hennøy. Grunnen til dette er at omgrepet «samla belastning» som ofte blir brukt når det kjem til natur og blir brukt når det kjem til eit samfunn. Det handlar om folkehelse som og blir omtalt i FNs berekraftsmål. Sosial berekraft og folkehelse må fremjast blant anna gjennom sosial rettferd ved å leggja til rette for at menneskje får påverke forhold i nærmiljøet og elles i kommunen. Med fleire konsesjonssøknadar på eit så avgrensa område er det vanskeleg for dei fleste å følgje med og skaffe seg eit bilde av korleis det blir, spesielt når opphavleg konsesjon blir fråvika i så stor grad som det er blitt gjort i dette området.

### Pilegrimsleia Kinn-Selja.

Denne viktige historiske leia har stadig blitt viktigare i regionalt reiseliv med etablering av Pilegrimssenteret i Stad kommune med tilhøyrande satsing på religiøs og kulturhistorisk reiseliv. Den går tvers gjennom planområdet mellom Klungresetdalen og Oldeide. Utbyggar har ikkje opplyst om denne leia i KU, konsesjonssøknad eller MTA/Detaljplan. Den er ikkje sett på i relasjon til støy, iskast og terrenginngrep. Føremålet pilegrimsferd og vindkraftverk står i konflikt og kontrast til kvarandre.

## Endringar i MTA og detaljplan.

Allereie før høyringsfristen var ute blir det i Firdaposten den 23.08.2020 varsla om endringar i planen, dette gjeld 2 vindturbinar som blir flytta og to turbinar som får endringar når det kjem til fundamentet. Det er varsla frå våre partnerar at det er forståeleg at forsvaret får verne om sine interesser men at det ikkje er lett å skrive noko om konsekvensar når ein ikkje veit kvar alle turbinane skal stå. Me reknar at som følgje av denne endringa må det komme eit nytt forslag til detaljplan som viser kvar desse turbinane skal stå og kva vurderingar som har blitt gjort med tanke på hydrologi, biologisk mangfald, kulturminne og friluftsliv. Denne endringa må sjølvstøtt høyringspartar få komme med sine betraktningar rundt slik at ein ikkje overser eventuelle viktige verdiar på dei nye plassane. Turbinars plassering skal komma fram i MTA/detaljplan og når dette ikkje er høve så må nye planar leggast fram når forslag til nye plasseringar er på plass.



Med stadige endringar der det blir lagt opp til at ein skal gjere vurderingar i ettertid, så blir lokal påverknad og andre interessentar undergrave. Desse endringane får i stor grad samtykke frå NVE om ein berre kartlegg og legg til rette for eventuelle avbøtande tiltak i ettertid. Denne framgangsmåten byggjer ikkje på «Føre var prinsippet» og det blir vanskeleg å i lengda sjå kva den samla belastninga blir i eit større område når mange pågåande konsesjonar får utvida konsesjonsvilkår utan at ein vel å sjå det i ein større samanheng og utan at ein tar inn over seg dei verdiane som har blitt belyst den seinare tida. Dette gjeld i spesielt dei verdiane området har for fleire fugletrekk igjennom året og for eventuelle raudlisteartar som blir oppdaga i nye kartleggingar i 2020. Spesielt gjeld dette mose, sopp og lav som utredninga frå 2013 var mangelfull på. Konsesjonær sendte ein e-post den 05.03.2020 til NVE, der la dei fram at det skal gjennomførast ny kartlegging av artar. Denne kartlegginga skal utfylle manglar som NVE og andre har vurdert tidlegare, og vil bli gjennomført i vekstsesongen 2020. At det blir gjennomført meir utfyllande utredningar no synest me er bra. Men sidan konsesjonær tok kontakt først vart det ikkje sett noko vilkår om kartlegging for å få godkjenning, men det er presisert at resultatet og eventuelle avbøtande tiltak skal presenterast for NVE før anleggsstart. NVE får med dette seie sitt om dei raudlista artane blir ivaretatt. Dessverre blir det i godkjenninga ikkje lagt opp til at interesseorganisasjonar får komme med oppdaterte betraktningar om kva konsekvensar dette vil ha for dei, for naturen og det biologiske mangfaldet. Dette er kunnskap som skulle blitt innhenta i 2013 og blitt ein del vurderingane da. Problemet no er at slett arbeid gjort tidlegare kan liggje til grunn for dårlege avgjersler.

Me ønsker sjølv sagt å komme med våre betraktningar når ny kunnskap er på plass, me reknar med at NVE vil leggje til rette for dette.

Me håpar NVE deler mange av våre betraktningar og sikrar at alle får sagt sitt når oppdatert detaljplan og nye utredningar er på plass.

Med venleg helsing.

**Åsmund Nordgulen**

Koordinator

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger

Org.nr: 912 265 722

<https://fnf-nett.no/sogn-og-fjordane/>